



Notat

Dato: 11.08.2014
Arkivsak: 2014/13969-10
Saksbehandlar: benutne

Til:	Samferdselsutvalet Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Fv 7 Lussandberget – ny utlysning

Statens vegvesen Region vest har i e-post informert at rassikringsprosjektet Fv 7 Lussandberget vert omlag eit halvt år forsinka, ettersom anbodet må lysast ut på ny.

Fylkestinget gjorde i sak 26/14 slikt vedtak:

- 1. Fylkestinget godkjenner oppstart av Fv 7 Lussandberget i 2014 i samsvar med Statens vegvesen si kostnadsramme på 295 mill. kr inklusive meirverdiavgift (240 mill. kr eksklusive mva.).*
- 2. Finansiering av prosjektet ut over tildelt ramme frå staten vert innarbeidd i budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018.*

Statens vegvesen sin intensjon var etter dette å inngå kontrakt med Arbeidsfelleskapet Contexo AS og Flage Maskin AS, men den andre tilbydaren, Veidekke Entreprenør AS, la inn klage på tildelingsvedtaket. Denne prosessen medførte at Statens vegvesen avviste begge tilboda.

Statens vegvesen arbeider no med å justera anbodsdokumenta, og planlegg ny utlysning i slutten av august 2014. Dei nye anbodsdokumenta er noko endra grunna nye malar og nye rundskriv, men elles er det ingen endringar i arbeidsopplegget.

Dette medfører forsinka framdriftsplan for prosjektet. Statens vegvesen reknar med å orientera om innkomne tilbod i november 2014. I beste fall reknar ein med oppstart i januar 2015.

Fylkestinget har tidlegare prioritert rassikringsprosjekt, og fylkesrådmannen ser ingen grunn til å endra på denne prioriteringa no.

Dei budsjettmessige konsekvensane av utsetjinga vert å komma tilbake til.